

Mykje snø på Hauglandsfjellet.

17.01.2015



Veret ser ikkje ut til å skrema Einar Gjertsen. På ein dag då dei fleste av oss har vore svært så glade for

Å vera innandørs, har han hatt ein av sine mange turar opp Kjærlandslia til Storhaug.

Einar hadde 130 turar til Storhaug i fjor, men han meiner det er dei som har over dobbelt så mange. Frå dagens tur fortel han at det etter kvart vart slitsomt å gå på berre føtene, utan ski eller truger.

Øverst rakk snøen han til skrittet, og då skjønar vi godt at han karakteriserer det som svintungt å gå. Snøen var og våt og tung. Han reknar med at snødjupna på toppen var ca. 70 cm.

- Det er rikeleg med snø innover fjellet for dei som likar å gå på ski, seier Einar Gjertsen etter dagens tur. På biletet over ser vi spora etter han opp Skogavegen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Einar Gjertsen